

**Storfjordsambandet AS**  
c/o Doxacom  
Notenesgata 9  
6002 Ålesund  
Tlf.: 911 85 817  
epost: dagleg\_leiar@storfjordsambandet.no

**Dato: 14.04.2025**

## **MELDING IFRÅ STORFJORDSAMBANDET AS**

### **Status og anbefaling: vidare politisk handsaming av KVU i kommunane**

Viser til dokumentasjon til kommunane Stranda, Sykkylven og Ålesund, «Politisk handsaming november / desember 2024», komplette dokument sendt til kommunane 29. november 2024, og sak handsama i:

- Ålesund kommune, formannskapet, 28. januar 2025
- Sykkylven kommunestyre, 24. februar 2025
- Stranda kommunestyre, 26. mars 2025

Sjå også vedlegg, side 4 og 5.

Storfjordsambandet har i etterkant av presentasjon av KVU i mai 2024, - og på bakgrunn av svar ifrå kommunane vurdert alternativ som kan tilfredsstille krava til seglingshøgde og ei realistisk samfunnsøkonomisk løysing.


Denne prosessen er definert som ««*Innsnevring av moglegheitsrommet, status etter konseptvalutgreiing (KVU) for Storfjordsambandet, kva slags moglege val finst basert på svara ifrå kommunane?*».

Styret i Storfjordsambandet har i prosessen streka under viktigheita av at kommunane står samla om å greie ut nærmare eitt – eller eit fåtal alternativ før ein går vidare til neste fase i prosessen KS1 (kvalitetssikring av konseptval, sjå figur på neste side).

Storfjordsambandet har bedt kommunane svare ut kva alternativ som er interessant å vurdere vidare mot ein eventuell KS1 - på bakgrunn av; målsetjing i KVU, nytte/verdiskaping, kostnad, finansiering, politisk vilje.

*Storfjordsambandet har anbefalt kommunane å vente med å ta stilling til om Storfjordsambandet bør gå vidare med KS1 til etter at kommunane Stranda, Ålesund og Sykkylven har gjennomført politisk handsaming av konseptvalutgreiinga (KVU) for Storfjordsambandet, og til at dei tre kommunane har samla seg om eitt – eller eit fåtal alternativ.*

Eit viktig spørsmål for Storfjordsambandet er om vi på bakgrunn av status kan anbefale kommunane å ta stilling til å gå vidare med KS1, eller om vi bør vente med det.



Figur: Prosedyre for prosess og kvalitetssikring av «sjølvfinansierande prosjekt» i Møre og Romsdal fylkeskommune.

KS1 er første fase i den statlege kvalitetssikringsordninga, som er pålagd for prosjekt med kostnadsramme over 1 milliard kroner (eller lågare beløpsgrense for enkelte prosjekttypar).

I KS1 blir ulike konseptval og alternativ for prosjektet vurderte. Målet er å sikre at det rette prosjektet blir valt, at det er i tråd med samfunnsbehova, og at det gir høgst mogleg nytte i forhold til kostnadene. Dette blir gjennomført av eksterne konsulentar og vurderer mellom anna:

- Målsetjingane for prosjektet
- Alternativa som er vurderte
- Prosjektets samfunnsøkonomiske lønsemd
- Risikovurderinger

KS1 dannar grunnlaget for vidare planlegging og politisk vedtak om kva konsept som skal utviklast i neste fase.

## Anbefaling ifrå styret i Storfjordsambandet:

*På noverande tidspunkt ser ikkje styret det som formålstenleg å anbefale kommunane å gå vidare mot KS1.*

## Vidare arbeid på kort og lang sikt

Storfjordsambandet har framleis trua på at det finst prosjektmetodikk, tekniske og smarte løysingar som gjer det mogleg å krysse fjorden med ei tilfredsstillande seglingshøgde, til ein realistisk kostnad, og med ei realistisk finansiering.

Det er eit mål å sikre at det rette konseptet blir valt, at det er i tråd med samfunnsbehova, og at det gir høgast mogleg nytte i forhold til kostnadene.

På bakgrunn av vedtaka i kommunane, og styret sine eigne vurderingar, vil styret gjere sine anbefalingar på kort og lang sikt, og legge desse fram i den ordinære generalforsamlinga i Storfjordsambandet den 20. mai 2025.

Hans Petter Brunstad Sørensen

Styreleiar

Leif Jarle Aure

Nestleiar

Øyvind M. Olsen

Dagleg leiar

## Vedlegg 1 - Oppsummering – svara Storfjordsambandet har fått ifrå kommunane

Ålesund kommune, formannskapet, 28.01.2025:

- Ålesund kommune tek konseptvalutgreiinga (KVU) for Storfjordsambandet til vitande.
- Ålesund kommune er positive til at Storfjordsambandet jobbar vidare med konsept 3-kryssing av Storfjorden.
- I det vidare arbeidet vil kommunen anbefale:
  1. At Storfjordsambandet arbeider vidare med konsept 3 – kryssing av Storfjorden og prioriterer å greie nærmere ut alternativ B.
  2. At behovet og kravet om at store cruiseskip må kunne passere blir greidd ut.
  3. At framtidige tekniske løysingar og prosjektmetodikk som kan tilfredsstille krav til seglingshøgde og ei realiserbar løysing blir greidd ut.
  4. At Storfjordsambandet ikkje nyttar ressursar til å greie ut nærmere alternativa CD, CE og CDE, då dei ikkje syner å vere i tråd med samfunnsbehova og målsetjingane definert i KVU-en, og har lågast nytte i forhold til kostnadene.
  5. Ålesund kommune vil ta stilling til om Storfjordsambandet bør gå vidare med KS1 etter at kommunane Stranda, Ålesund og Sykkylven har gjennomført politisk handsaming av konseptvalutgreiinga (KVU) for Storfjordsambandet, og dei tre kommunane har samla seg om kva alternativ som er interessant å vurdere vidare.
  6. Utgreiing av eit 0+ -alternativ, utbetring/oppgradering av dagens vegsystem med auka frekvens på fergeavgangar, som syner kostnad/nytte, for å jamføre mot alternativ B. Dette i tillegg til det obligatoriske 0-alternativet (vidareføring av dagens løysing).

Sykkylven kommunestyre, 24.02.2025:

- Sykkylven kommune anbefaler at Storfjordsambandet arbeider vidare med konsept 3 (delstrekning 3, kryssing av Storfjorden) og prioriterer å greie nærmere ut alternativ B.
  1. Sykkylven kommune anbefaler at Storfjordsambandet ikkje nyttar ressursar til å greie ut nærmere alternativa A, B1, B2, CD, CE og CDE, då dei ikkje syner å vere i tråd med samfunnsbehova og målsetjingane definert i KVU-en, og har lågast nytte i forhold til kostnadene.
    - Sykkylven kommune vil ta stilling til om Storfjordsambandet bør gå vidare med KS1 etter at kommunane Stranda, Ålesund og Sykkylven har

gjennomført politisk handsaming av konseptvalutgreiinga (KVU) for Storfjordsambandet, og dei tre kommunane har samla seg om kva alternativ som er interessant å vurdere vidare.

Stranda kommunestyre, 26. mars 2025:

- Stranda kommune meiner at arbeidet ikring Storfjordsambandet blir sett i bero, til dette milliardprosjektet kan verre realisert i èin kommande 10 års periode